

ÅRSMØTE

BØFJORDEN GRENDARHUS



TORSDAG 28.MARS 2019 KL. 20:00
I GRENDARHUSKJELLAREN

SAKSLISTE:

- ✓ KONSTITUERING
- ✓ ÅRSMELDING
- ✓ REGNSKAP
- ✓ BUDSJETT
- ✓ INNKOMNE SAKER
- ✓ VAL

SAKER SOM SKAL TAKAST OPP MÅ VÆRE STYRET I HENDE INNAN 22.MARS.

**ÅRSMELDINGA BLIR LAGT UT PÅ COOP MARKED BØFJORDEN OG PÅ
«BØFJORDNETT» I GOD TID FØR ÅRSMØTET**

DET BLIR SERVERT KAFFE & NOKO ATTÅT

KOM OG VIS INTERESSE FOR GRENDARHUSET VÅRT!

ÅRSMELDING 2018

BØFJORDEN GRENDAHUS

ÅRSMØTE TORSDAG 28.MARS 2019 KL.20.00
I GRENDAHUSKJELLAREN

SAKSLISTE:

- ✓ KONSTITUERING
- ✓ ÅRSMELDING
- ✓ REGNSKAP
- ✓ BUDSJETT
- ✓ INNKOMNE SAKER
- ✓ VAL



TAKK FOR AT DU BRYR DEG OM GRENDAHUSET VÅRT!

Desse personane satt i styret i 2018:

Leiar: Kay Edvin Sættem Nessæther

Nestleiar: Geir O. Hovde

Sekretær: Hildegunn Bøe

Kasserar: Jan Gunnar Bøklepp

Styremedlem: Liv Berit Ansnes Brusethaug

Varamedlem: Linda Settemsdal

Varamedlem: Carina Dønheim Snekvik

Kontrollør: Edvard Settem

Kontrollør: Øyvind Magnor Bøe

Rekneskap: Sverre Egil Settemsdal

Leiar i valgkomite: May Iren Dønheim Hovde

Medlem i valgkomite: Kristine Heggem

Medlem i valgkomite: Sondre Bøe



Aktivitet gjennom året

Vi starta året med spylardugnad som vanleg – asfalten rundt grendahuset bar preg av mykje sand og lort som hadde samla seg opp der i løpet av hausten og vinteren. Men med brannslangar og god dugnadsinnsats vart det reint og fint til slutt. Her ser vi Daniel Bøe med stø kurs på slangen.



Området rundt flaggstanga mot Leikarvollen Stadion fikk ein etterlengta «make-over» i vår. Vi rydda bort kratt og ugras, fylde på med bark frå Bøfjorden Sag AS og planta nye fine plantar som etter kvart vil gjere dette finare og meir «presentabelt». På toppen fylde vi på med steinmasse og flytta benkane ut dit. Det vart i alle fall ikkje verre enn før! Vi takkar alle som sponsa oss slik at vi kunne få dette på plass!

Vi har gjennomført styremøte etter behov og elles hatt kontakt på SMS, telefon og sosiale media.



Søknad om organisasjonsnummer

I året som gjekk starta vi prosessen med å søkje om organisasjonsnummer for grendahuset – dette er noko vi må ha i forhold til strøm-abonnement og bankforbindelse som fram til no har stått registrert på personar i styret. Ikkje optimalt! Søknadsprosessen har vore tung og slitsam, men på tampen av året gjekk det heldigvis i orden. På årsmøtet i fjor fekk vi «lov» av årsmøtet til å gjere det som var nødvendig for å få dette på plass – og det har vi altså da gjort. Huset er no registrert som Bøfjorden Grendahus Drift.

Grasrotandelen og Vipps

Med organisasjonsnummer endeleg på plass kunne vi opprette Grasrotandelen og Vipps. Alle som tippar hos Norsk Tipping kan no velje Bøfjorden Grendahus Drift som Grasrotmottakar. Spør om hjelp der du tippar eller gjer det når du tippar på nett via din side. Per no er det 16 spelarar som gir grasrotandelen til oss – totalt gav det oss opp mot 500,- kr den korte tida vi var med i 2018. Dette vil auke gjennom komande år. Takk til alle som bidreg!

Vipps er ei betalingsløsning som går via mobiltelefon. Alle som har Vipps kan no betale med dette ved arrangement i regi av grendahuset – enkelt og greitt. Vipps kan også brukast når vi held basar og når vi går med basarbok rundt om i bygda.

Sponsoravtalar

Vi har per no sponsoravtalar med Svorka, som gjev oss gratis fiberinternett i avtaleperioden og Gjensidige Halsa & Tingvoll som gjev oss 8000,- kr i året i avtaleperioden. Vi takkar begge for positivt samarbeid!



Gåvetildeling

5000,- kr med Surnadal Sparebank.

6000,- kr i kulturmidlar.

500,- kr inn på oppretta gåvekonto.

Underholdningskveld i påska

I samarbeid med Bøfjorden Teaterlag arrangerte vi underholdningskveld i påska – der stod vi for sal av mat og drikke. Det vart ein fin og humoristisk kveld og vi takkar teaterlaget for godt samarbeide. Inntekta for denne kvelden vart delt likt mellom oss og teaterlaget slik at vi satt att med rundt 17.000,- kr. Supert!

Basar

Søndag 11.november heldt vi basar med bravur! Styret vil takke alle som tok del i basaren: alle som kjøpte lodd på førehand, alle som tok turen innom grendahuset og støtta oss, alle som la ned stor dugnadsinnsats på kjøkkenet og rundt premieborda, til dansegruppa KIN som synte vakker dans frå scena og alle bedrifter og privatpersonar som har gjeve premiar. Saman greide vi å få inn over 30.000 kr til grendahuset vårt! Det er makalaust! Tusen takk til kvar og ein!



Frivillige arrangement

Barnekarneval i grendahuskjellaren – her var det full rolle i to timar med artige figurar og god stemning. I kiosken kunne ein kjøpe muffins, pølse med brød og sjokolade. Dette har vorte eit årleg arrangement. Overskotet fekk grendahuset. Takk til Tone Haugen som år etter år dreg i gang arrangementet.

«**Husklubben**» kom i stand utpå hausten i 2017 og fortsette også ei stund i 2018 – her kom det inn mange tusen kroner i løpet av kveldane dei var samla til handarbeid, koseleg prat og kveldsmat. Vi vil takke Eldbjørg Nessæther og Norhild Bøklepp for supert initiativ! Vi håpar «Husklubben» vil fortsette utover i 2019 også! Toppers!

Julebordet på grendahuset 4.juledag vart også i 2018 ein stor suksess – det er på sin plass å takke alle i komiteen som la ned ein stor innsats for at den gamle tradisjonen rullar vidare! Magisk innsats! Grendahuset fekk også denne gongen overskotet. Tusen takk!

Styrets arbeidsprogram for det komande driftsåret

- Nedvask av hovudetasjen (to år sidan sist)
- Fullføre «søppelskuret» (skulle vore gjort for lenge sidan..)
- Pusse murane (dugnad)
- Heile huset treng eit nytt strøk med måling, utvendig (stordugnad)
- Sjå på moglegheita for å få på plass varmpumpe i kjellarlokalet (strømsparande)
- Marknadsføring av grendahuset og moglegheitene
- Elles anna som måtte dukke opp

Ny vaskar

Nina Marie Åsgård Bøe slutta som vaskar etter fleire år i «teneste». Vi takkar Nina for den jobben ho har lagt ned i denne perioden. Fride Renate Berg tok på seg jobben og ho har gjort ein flott innsats sidan ho starta. Supert! Vi rettar også ein takk til Aurora Dønheim Berle som har vaska i garderobe-anlegget ved behov!

Nødvendige investeringar i året som gjekk

Golvvaskemaskina måtte dessverre gje seg etter nesten 25 års teneste i storsalen. Her måtte vi ut med nærmare 30. 000,- kr for ny. Den nye maskina går på batteri som gjer at bruken blir enklare utan at vaskaren treng å vea seg fast i skjøteledninga under bruk.

Det har òg vorte montert ny stikkontakt i forbindelse med internett-utstyret i hovudetasjen (for å unngå bruk av skjøteledning) – samt ein «blå stikk» på scena som gjer det enklare å koble opp utstyr ved større musikkarrangement og anna på scena vår.

Avslutningsvis

Som vi ser av regnskapet for 2018 så går vi på ein smell med eit underskot på 38.081,- kroner. Ut i frå tala i regnskapet så viser det seg derimot at vi faktisk har greidd å auke dei samla inntektene med nesten 40.000,- kr – det er i alle fall positivt! Postane som trekk ned er ei stor auke i straumutgifter, ein liten auke på snømåking/strøing samt den nødvendige investeringa i ny gulvvaskemaskin.

Det som er bekymringsverdig og litt trist er at leigeinntektene generelt har gått ned. Det er ikkje bra! Den viktigaste inntektskjelda vår er at huset blir leigd ut mest mogleg igjennom året - men samtidig vil styret òg jobbe hardt for å få inn pengar på andre vis i tillegg.

Vi håpar at enda fleire vil benytte seg av grendahuset det komande året – huset kan romme ulike arrangement både i hovudetasjen og i kjellaren! Ta kontakt!

Det er foreksempel fullt mogleg å leie grendahuskjellaren til arrangement som barnebursdagar og liknande som varer over nokre timar. Her har vi svært gode prisar som inkluderer fri bruk av kjøkken, lydanlegg og internett samt vask i etterkant. Ta kontakt med Eldbjørg Nessæther for meir info kring dette og leige av huset generelt.

Som leiar vil eg takke alle i styret for godt samarbeid, alle som legg ned frivillig innsats elles, alle som leier huset til ulike formål og ikkje minst våre samarbeidspartnarar! Tusen takk for stor positivitet og velvilje!

Styret vil også takke Eldbjørg Sættem Nessæther for jobben ho gjer som utleigeansvarleg og Arnfinn Nessæther som utfører vaktmeisteroppgåver med stødig arm. Tusen takk for at de år etter år orkar å bruka tid på dette!

Ein stor takk til Sverre Egil som held orden på rekneskapet og Øyvind Magnor Bøe og Edvard Settem som er kontrollørar!

Bøfjorden grendahus er forsamlingshuset for heile bygda – eit symbol på dugnadsånda som Bøfjorden er tufta på – dette må vi ta vare på!

Leiar; Kay Edvin Sættem Nessæther



* * * BØFJORDEN GRENDAHUS * * *

RESULTATREGNSKAP

2018

DRIFTSINNEKTER	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Offentlig tilstelning	6.300,00	8.000,00
Medlemstilstelning	16.000,00	19.800,00
Privat tilstelning	13.900,00	16.900,00
Bryllup/Stevner	3.400,00	5.100,00
Basarer/Messer	1.900,00	1.900,00
Teater/Kultur/Konsert	9.700,00	16.600,00
Bingo husleie	0,00	1.200,00
Idretts-/Skytearr.	10.100,00	11.100,00
Møter	9.000,00	9.700,00
Kurs	0,00	1.000,00
Trening/Trim	0,00	2.500,00
Utleie garderober	23.000,00	23.000,00
Utleie skytebane	10.000,00	13.000,00
Utleie kjøkken	3.600,00	800,00
Div. leieinntekter	2.300,00	800,00
Div. inntektsbringende tiltak	65.367,00	7.562,00
Overskudd forsikring	4.538,00	1.626,00
Kulturmidler	6000,00	0,00
Gave Surnadal sparebank	5000,00	0,00
Gave Halså og Tingvoll Gjensidige	8000,00	0,00
Minnegaver	0,00	0,00
Andre gaver	1.585,00	8.139,00
Andel overskudd julebord	10.146,00	21.701,00
Grasrotandel Norsk Tipping	494,00	0,00
Sum driftsinntekter	<u>210.330,00</u>	<u>170.428,00</u>
DRIFTSKOSTNADER		
Vasking	15.800,00	10.300,00
Vaktmester	7.900,00	10.400,00
Snøbrøyting/Strøing	15.923,00	11.000,00
Forbruksartikler	10.301,00	8.829,00
Vedlikehold	20.931,00	4.841,00
Utstyr/Inventar	40.795,00	22.823,00
Strøm	87.193,00	65.212,00
Forsikring	21.886,00	26.974,00
Renovasjon, vann, avløp	15.023,00	15.226,00
Adm. utgifter	2.642,00	1.821,00
Utgifter div. tiltak	10.017,00	1.938,00
Sum driftskostnader	<u>248.411,00</u>	<u>179.364,00</u>
DRIFTSRESULTAT	<u>- 38.081,00</u>	<u>- 8.936,00</u>

BØFJORDEN GRENDAAHUS**FINANS**

	2018	2017
Årets resultat uten renter	- 38.081,00	- 8.936,00
Renteinntekter	878,00	808,00
Årets resultat inkl. renteinntekter	- 37.203,00	- 8.128,00

* * * * *

BALANSE 31.12.2018

EIENDELER	31.12.2018	31.12.2017
Sum. Spb. Driftskonto	59.591,64	74.476,14
Sum. Spb. 20 15510	157.288,94	156.448,83
Sum. Spb. Gavekonto	6.504,10	6.000,86
Kundefordringer	11.436,13	36.901,00
Sum eiendeler	<u>234.820,81</u>	<u>273.826,83</u>
GJELD OG EGENKAPITAL		
GJELD		
Leverandørgjeld	18.664,00	20.467,00
Sum gjeld	18.664,00	20.467,00
EGENKAPITAL		
Egenkapital pr 01.01.	253.359,83	261.488,50
Årets resultat	37.203,02	8.128,67
Sum egenkapital	216.156,81	253.359,83
Sum gjeld og egenkapital	<u>234.820,81</u>	<u>273.826,83</u>

Bøfjorden 31.12.2018/24.02.2019

Jan Gunnar Bøklepp
Jan Gunnar Bøklepp
Kasserer

Øyvind Magnor Bøe
Øyvind Magnor Bøe
Kontrollør

Edv. Settem
Edv. Settem
Kontrollør

BØFJORDEN GRENDAAUS BUDSJETT 2019

	REGNSKAP	2018	BUDSJETT	2019
DRIFTSINNTEKTER				
Offentleg tilstelning	6300		7000	
Medlemstilstelning	16000		16000	
Privat tilstelning	13900		15000	
Bryllup/Stevner	3400		5000	
Basarer/Messer	1900		1900	
Teater/Kultur/Konsert	9700		16000	
Idretts-/skytearrangement	10100		12000	
Møter	9000		9000	
Kurs	0		0	
Trening/Trim	0		0	
Utleie garderober	23000		23000	
Utleie skytebane	10000		10000	
Utleie kjøkken	3600		4000	
Div. leieinntekter	2300		2500	
Div.inntektsbringende tiltak	65367		70000	
Overskudd forsikring	4538		2000	
Kulturmidler	6000		6000	
Gåve Surnadal Sparebank	5000		5000	
Gåve Halså Gjensidige	8000		8000	
Minnegåver	0,00		19000	
Andel overskudd julebord	10146		15000	
Grasrotandel Norsk Tipping	494		6000	
Sum driftsinntekter	210330		252400	
DRIFTSUTGIFTER				
Vasking	15800		20000	
Vaktmester	7900		8000	
Snøbrøyting/Strøing	15923		16000	
Forbruksartikler	10301		11000	
Vedlikehold	20931		10000	
Utstyr/inventar	40795		25000	
Strøm	87193		85000	
Forsikring	21886		22000	
Renovasjon, vann, avløp	15023		16000	
Adm.utgifter	2642		3000	
Utgifter div. tiltak	10017		20000	
Sum driftsutgifter	248411		236000	
DRIFTSRESULTAT	- 38081		16400	

VAL VED VALGKOMITEEN

Leiar: Kay Edvin Sættem Nessæther, **på val som leiar**

Nestleiar: Geir O. Hovde, ikkje på val

Sekretær: Hildegunn Bøe, **på val**

Kasserar: Jan Gunnar Bøklepp, **på val**

Styremedlem: Liv Berit Ansnes Brusethaug, ikkje på val

Varmedlem: Linda Settemsdal, **på val**

Varmedlem: Carina Dønheim Snekvik, ikkje på val

Kontrollør: Edvard Settem

Kontrollør: Øyvind Magnor Bøe

Rekneskap: Sverre Egil Settemsdal

Leiar i valgkomite: May Iren Dønheim Hovde, **på val**

Medlem i valgkomite: Kristine Heggem, ikkje på val

Medlem i valgkomite: Sondre Bøe, ikkje på val

